

Therese Sørensen Haugland (5)
Brit Tone Bjorheim (6)
Jane Beth Lygren (7)
Ingelin Aarsland (8)
Berit Rugland (9)
Christina Jonassen (10)

Stad/dato
Vigrestad 21.02.2022

Vigrestad storskule - referat frå FAU 10.02.2022

Tilstede:

Terese Sørensen Haugland (5) med på telefon.
Brit Tone Bjorheim (6.)
Janne Beth Lygren (7.)
Ingelin Aarsland (8.)
Berit Rugland (9.)
Christina Jonassen (10.) forfall
Seri Refsnes (rektor)

Dato: 10.02.22 kl. 18.30-19-30

Stad: Personalrommet på storskulen

Saker:

Sak 04/2021/2022: Hærverk på skulen

Etter brevet som blei sendt ut til heimane kom det nokre innspel frå foreldre, men dessverre blei ingen saker oppklart. Det er ein del hærverk framleis, særleg på toaletta.

Sak 07/2021/2022: Foreldremøta til våren

Både Sterk og Klar (8. og 10. trinn) og Barnevakten kjem til å bli gjennomført i løpet av april.

Sak 09/2021/2022: "Partnerskap mot mobbing"

Bygdakveld med Ingrid Lund 19. mai. FAU organiserer dette. Therese Sørensen Haugland deltek på måndag 14. feb med FAU frå barnehagane og barneskulen. Partnerskap mot mobbing har fått overført pengar frå dei to siste åra. Totalt 70 000, til bygdakvelden med Ingrid Lund går det ca. 40 000. Resten av pengane kan brukast til foreldremøta til våren med Barnevakten. Forslag frå FAU på storskulen er at det

Kontoradresse:	Postadresse:	Telefon:	Epost:	Org nr:
Langgata 91 4362 Vigrestad	Langgata 91 4362 Vigrestad	51 79 95 80	post.vigrestad.storskule@ha.kommune.no	964 969 590

blir delt i to, eit føredrag for 3.-5. kl på Vigrestad skule og eit for 6. klasse og oppover på storskulen. Dermed blir det lettare å tilpasse innhaldet til aldersgruppa. (Barnevakten sjølv foreslår eit foreldremøte for 1.-3. trinn og eit 4.-9. trinn). Skulen ventar på datoar.

Det arbeides også med ein kjekk dag i august i samband med opninga av aktivitetsparken/parkour på idrettshuset. Det vil koma instruktører som kjem for å visa korleis parken kan brukast. Parken er open for alle. Forslaget er å slå det i lag med Vigrestaddagane. FAU frå storskulen kjem med innspel om å flytte Vigrestaddagane til idrettshuset.

Eventuelt:

- Politikarane inviterer til møte 21. feb: kl. 18-20 på rådhuset. Møtet er ope for alle, men med påmelding pga. avgrensa plass. Agenda for møtet: uvettig bruk av fyrverkeri
- Elev- og foreldreundersøkinga: Positive resultat på 10. trinn. Elevmedvirkning scorer me dårleg på, særleg dette med vurdering av eige arbeid. Trivsel resultatata er også dårlege særleg på 7. trinn. Innspel frå FAU: Viktig å bevisstgjere elevane dei gongene dei driv med elevmedvirkning. I forhold til trivsel er nok spørsmålet: "Eg gler meg til å gå på skulen" viktig å jobbe med i klassane. Kva betyr det?
- Kantina er stengt pga.ein del fravær. Rektor håpar at 9. klasse kan starte opp igjen med dugnaden ein dag i veka.
- Spørsmål frå 9. trinn: ynskje om micro. Svar frå rektor er at det må tas med kontaktlærarane. Alltid litt styr med kven som har ansvar for reinhold osv.

Ref. Janne Beth Lygren.